Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 | Fylke: Nord-Trøndelag
Tilleggsspørsmålnr. Folkelege musikinstrum. | Herad: Egndal
Emne: | Bygdelag:
Oppskr. av: Anton Strugstad | Gard:
(adresse): Steinkjer | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg kjenner ikkje til lurar som er rulla saman av bork.
Kjenner heller ikkje til namna halme, harpipe som namn for lur.
Kjenner heller ikkje til andre rangler enn dei ein får kjøpa i leikeloybutikk.

Knall og smell:

I min gjetertid var det mykje brukt å smelle med blad i handa, smella med pose fylt med luft, smella blomsterkruna til ein klokkeblom som vaks opp i nye ekrer. Dei kalte honom „Smellpong". Er ikkje sikker på det latinske navnet. Når ein tok av blomen med ein hand og slog hart mot handbaken på andre handa vart det eit skarpt smell.

Å leggja glo på ein stein og slå til var bruka og det vart då også ein dump smell. Alt dette vart gjort for moro bland born og ungdom.

7014

Svepesmell vart bruka når ein dreiv unghest i line og når ein köyrde i finslede til kyrkje og gjestebod o.l.

17^de mai brukes endda salutt med gevær og dynamitt. På landet meir og meir avlagt nå. Veit ikkje at det har vore knytt noko slags bruer til dette. Det har vell vore ein slags friheits-begeistring.

Lyder og ulyder

Når hubroa höyrdes nert gården seint vinterkvelden, vart det utrygge stemning i huset.

Og endda verre var det vist gårdshunden eller ein annan hund sette seg utafor stueveggen og hylte i seinkvelden. Då var det nokon som var „feig" (dödsfall snart.)

Anton Strengstad.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING